



Informasjon til føresette og elevar om Ungdata-undersøkinga i Time 2025

I 2025 blir Ungdata-undersøkinga gjennomført i Time kommune blant elevar i 8.–10. klasse. Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 11 til 13. Målet er å få ei oversikt over korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Tidlegare har kommunen gjennomført undersøkinga i 2013, 2016, 2019, 2022.

Føremålet med undersøkinga

- Gje ungdom ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i dag.
- Gje kunnskap som kommunen kan bruke i arbeidet sitt med å gjere ungdommen sin oppvekstsituasjon betre.
- Skaffe forskingsdata for å få meir kunnskap om unge sin oppvekstsituasjon lokalt, nasjonalt og over tid.

Kva vi spør om i Ungdata

- Venner, fritid og mediebruk
- Familie, skule og nærmiljøet
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing, vald og trakassering
- Regelbrot og rusmiddelbruk
- Kjønn, klasstrinn og utdanningsnivået til foreldra

Føresette kan sjå spørjeskjemaet ved å klikke på lenkja nedst på sida.

Korleis blir Ungdata gjennomført?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga, som går føre seg med ein vaksen til stades.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode. Det er ikkje mogleg å knyte koden til personen som svarer.
- Elevane svarer ved å krysse av i spørjeskjemaet.
- Dei som ønskjer det, kan få spørsmål og svara i spørjeskjemaet lesne opp. Dette krev at dei bruker hovudtelefonar.

Beredskap

Skulehelsetenesta vil ha beredskap etter undersøkinga for elevar som måtte trenge det.

Det er frivillig å delta

- Ungdommane vel sjølve om dei vil delta eller ikkje.
- Dei som svarer, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på, og kan slutte å svare undervegs, dersom dei ønskjer det.

Tilrådd tilrettelegging for gjennomføring

Nokre elevar kan ha behov for tilrettelegging for å kunne gjennomføra undersøkinga. Ungdata ønskjer at alle elevar skal få høve til å delta. Skulen får tilrådingar om tilrettelegging.

Samtykke frå føresette

- Det er du som føresett som bestemmer om barnet ditt skal delta i undersøkinga eller ikkje.
- Dersom du ønskjer at barnet ditt skal delta, treng du ikkje å gjere noko som helst.
- Dersom du ikkje ønskjer at barnet ditt skal delta, må du gje melding om dette til kontaktlæraren/skulen før undersøkinga startar.

Personvern

- Undersøkinga er anonym. Det er ikkje mogleg å identifisere enkeltpersonar ut frå dei innsamla data.
- Alle svara vil bli behandla strengt fortruleg.

Ansvarlege for undersøkinga

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og KORUS Stavanger, på oppdrag fra Time kommune.

Kontaktinformasjon

Ungdata-koordinator i kommunen:

Ragnhild Hobberstad, SLT koordinator
99 77 22 04 / ragnhild.hobberstad@time.kommune.no

Kontaktperson ved KORUS:

Karen Asheim, rådgjevar, KORUS Stavanger
97 12 90 57 / karen.margrete.tjosevik.asheim@sus.no

Trykk på lenka for å sjå spørjeskjemaet for undersøkinga i kommunen:

<https://results.dk/UngdataQuestionnaire?guid=UJD4-KP5K-D8YS>

Du finn meir informasjon om undersøkinga på nettsidene til Ungdata:

www.ungdata.no/informasjon-til-ungdom-og-foresatte/

Information in other languages/informasjon på andre språk:

<https://www.ungdata.no/informasjon-til-ungdom-og-foresatte/informasjonsbrev-pa-flere-sprak/>